

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
028/2016	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	15.06.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1094	16/7590

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 028/2016

PLT - handsaming:

Under "Meldingar og referatsaker" viste Leif Taule (SP) til skriv frå Ståle Villanger knytt til gbnr 24/312. Taule har vidare sendt brevet til journalføring i kommunen og delte ut kopi av brevet i møtet.

Utvalsleiar Christel Villanger Håland informerte om nært slektskap til tiltakshavar i den aktuelle saka. Hovudutvalet kjende Villanger Håland inhabil i saka, og ho deltok ikkje i handsaminga.

Leif Taule oppmoda hovudutvalet til å akseptera det arbeidet som er utført på naust på gbnr 24/312 på Bø og at arbeidet kan halda fram.

Taule sette fram følgjande framlegg:

Det blir ikkje krevd riving av arbeidet som er gjort på naust på 24/312, og arbeidet kan gjerast ferdig utan søknad om riving og oppattbygging.

Rådmann Jarle Landås peika på at administrasjonen ikkje på noko vis har saksutgreidd innhaldet som blir tatt opp i brevet. Han kan ikkje ta ansvar for saksutgreiing og den prosessen som forslagstillar gjer framlegg om.

På denne bakgrunn kom rådmannen med følgjande protokollmerknad:

Rådmannen kan ikkje ta ansvar for saksbehandling og prosess knytt til innhaldet i brev frå tiltakshavar på gbnr 24/312.

Hovudutvalet vedtok samrøystes Leif Taule (SP) sitt framlegg til vedtak.

PLT - vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering, med følgjande tillegg:

Det blir ikkje krevd riving av arbeidet som er gjort på naust på 24/312, og arbeidet kan gjerast ferdig utan søknad om riving og oppattbygging.

Vedlegg:

Krav om omgjerung av forvaltningsvedtak (L)(82380)

Referat frå møte i underutvalet for vilt og innlandsfiske (L)(82403)

Referat frå møte i Underutvalet for vilt og innlandsfiske (L)(87545)